

KOMMISJONSVEDTAK

2012/EØS/5/07

av 20. mars 2007

om endring av vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegn om at visse regionar i Italia er offisielt frie for bovin tuberkulose, bovin brucellose og enzootisk bovin leukose, og at ein region i Polen er offisielt fri for enzootisk bovin leukose(*)

[meldt under nummeret K(2007) 1201]

(2007/174/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose⁽²⁾.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet⁽¹⁾, særleg vedlegg A avsnitt I 4, vedlegg A avsnitt II 7 og vedlegg D avsnitt I E, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I direktiv 64/432/EØF er det fastsett at medlemsstatar eller delar eller regionar i desse kan verte godkjende som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose hjå storfebuskarar, på det vilkåret at visse krav i direktivet er stetta.
- 2) Listene over regionar i medlemsstatar som er godkjende som frie for bovin tuberkulose, bovin brucellose og enzootisk bovin leukose, er fastsette i kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsetjing av status for storfebuskarar i visse medlemsstatar eller regionar

- 3) Italia har lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei relevante krava i direktiv 64/432/EØF er stetta med omsyn til regionen Emilia-Romagna, provinsane Novara og Verbania i regionen Piemonte, provinsane Livorno, Lucca og Siena i regionen Toscana og provinsane Belluno og Padova i regionen Veneto, slik at desse provinsane og den nemnde regionen kan verte godkjende som regionar som er offisielt frie for tuberkulose i ein medlemsstat.
- 4) Italia har lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei relevante krava i direktiv 64/432/EØF er stetta med omsyn til provinsen Torino i regionen Piemonte, provinsen Firenze i regionen Toscana og regionen Veneto, slik at desse provinsane og den nemnde regionen kan verte godkjende som regionar som er offisielt frie for brucellose i ein medlemsstat.
- 5) Italia har lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei relevante krava i direktiv 64/432/EØF er stetta med omsyn til provinsen Savona i regionen Liguria, provinsen Oristano i regionen Sardinia og regionen Veneto, slik at desse provinsane og den nemnde regionen kan verte godkjende som regionar som er offisielt frie for enzootisk bovin leukose i ein medlemsstat.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 80 av 21.3.2007, s. 11, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 149/2007 av 7. desember 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 26, 8.5.2008, s. 3.

⁽¹⁾ TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64. Direktivet sist endra ved direktiv 2006/104/EF (TEU L 363 av 20.12.2006, s. 352).

⁽²⁾ TEU L 156 av 25.6.2003, s. 74. Vedtaket sist endra ved vedtak 2006/290/EF (TEU L 106 av 19.4.2006, s. 21).

- 6) Som følge av vurderinga av den dokumentasjonen som Italia har lagt fram, bør dei provinsane og regionane som det gjeld, godkjennast som offisielt frie for høvesvis bovin tuberkulose, bovin brucellose og enzootisk bovin leukose i ein medlemsstat.
- 7) Polen har òg lagt fram for Kommissjonen dokumentasjon som syner at dei relevante krava i direktiv 64/432/EØF er stetta med omsyn til regionen Śląskie med sikte på at denne regionen kan verte godkjend som ein region som er offisielt fri for enzootisk bovin leukose i ein medlemsstat.
- 8) Som følge av vurderinga av den dokumentasjonen som Polen har lagt fram, bør den regionen som det gjeld, godkjennast som ein region som er offisielt fri for enzootisk bovin leukose i ein medlemsstat.
- 9) Vedtak 2003/467/EF bør difor endrast.

- 10) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegg I, II og III til vedtak 2003/467/EF vert endra i samsvar med vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 20. mars 2007.

For Kommissjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

I vedlegg I, II og III til vedtak 2003/467/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. I vedlegg I skal kapittel 2 lyde:

«KAPITTEL 2**Regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for tuberkulose**

I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara.
- Regionen Emilio-Romagna.
- Regionen Friuli-Venezia Giulia.
- Regionen Lombardia: provinsane Bergamo, Como, Lecco og Sondrio.
- Regionen Marche: provinsen Ascoli Piceno.
- Regionen Piemonte: provinsane Novara og Verbania.
- Regionen Toscana: provinsane Grosseto, Livorno, Lucca, Prato og Siena.
- Regionen Trentino-Alto Adige: provinsane Bolzano og Trento.
- Regionen Veneto: provinsane Belluno og Padova.»

2. I vedlegg II skal kapittel 2 lyde:

«KAPITTEL 2**Regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for brucellose**

I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara.
- Regionen Emilia-Romagna: provinsane Bologna, Ferrara, Forli-Cesena, Modena, Parma, Piacenza, Ravenna, Reggio Emilia og Rimini.
- Regionen Friuli-Venezia Giulia.
- Regionen Lazio: provinsen Rieti.
- Regionen Liguria: provinsane Imperia og Savona.
- Regionen Lombardia: provinsane Bergamo, Brescia, Como, Cremona, Lecco, Lodi, Mantova, Milano, Pavia, Sondrio og Varese.
- Regionen Marche: provinsen Ascoli Piceno.
- Regionen Piemonte: provinsane Alessandria, Asti, Biella, Novara, Verbania og Vercelli.
- Regionen Sardinia: provinsane Cagliari, Nuoro, Oristano og Sassari.
- Regionen Toscana: provinsane Arezzo, Firenze, Grosseto, Livorno, Lucca, Pisa, Pistoia, Prato og Siena.
- Regionen Trentino-Alto Adige: provinsane Bolzano og Trento.
- Regionen Umbria: provinsane Perugia og Terni.
- Regionen Veneto.

I Portugal:

- Den autonome regionen Azorane: øyane Pico, Graciosa, Flores og Corvo.

I Det sameinte kongeriket:

- Storbritannia: England, Skottland og Wales».

3. I vedlegg III skal kapittel 2 lyde:

«KAPITTEL 2

Regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for enzootisk bovin leukose

I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara.
- Regionen Emilia-Romagna: provinsane Bologna, Ferrara, Forli-Cesena, Modena, Parma, Piacenza, Ravenna, Reggio Emilia og Rimini.
- Regionen Friuli-Venezia Giulia.
- Regionen Lazio: provinsane Frosinone og Rieti.
- Regionen Liguria: provinsane Imperia og Savona.
- Regionen Lombardia: provinsane Bergamo, Brescia, Como, Cremona, Lecco, Lodi, Mantova, Milano, Pavia, Sondrio og Varese.
- Regionen Marche: provinsane Ancona, Ascoli Piceno, Macerata og Pesaro.
- Regionen Molise.
- Regionen Piemonte: provinsane Alessandria, Asti, Biella, Cuneo, Novara, Torino, Verbania og Vercelli.
- Regionen Sardinia: provinsen Oristano.
- Regionen Toscana: provinsane Arezzo, Firenze, Grosseto, Livorno, Lucca, Massa-Carrara, Pisa, Pistoia, Prato og Siena.
- Regionen Trentino-Alto Adige: provinsane Bolzano og Trento.
- Regionen Umbria: provinsane Perugia og Terni.
- Regionen Val d'Aosta: provinsen Aosta.
- Regionen Veneto.

I Polen:

- Regionen Śląskie.»
-